

Fiskets Gang

15/16 UKE 34
1981



Fiskets Gang



Utgitt av Fiskeridirektøren

67. ÅRGANG
Nr. 15/16 - Uke 34 - 1981
Utgis hver 14. dag
ISSN 0015 - 3133

Ansv. redaktør:
Sigbjørn Lomelde
Fung. kontorsjef

Redaksjon:
Vidar Høviskeland
Kari Østervold Toft

Ekspedisjon:
Dagmar Meling

Fiskets Gangs adresse:
Fiskeridirektoratet
Postboks 185, 5001 Bergen
Telf.: (05) 23 03 00

Trykt i offset
A.s John Grieg

Abonnement kan tegnes ved alle poststeder ved innbetaling av abonnementsbeløpet på postgiro-konto 5 05 28 57, på konto nr. 0616.05.70189 Norges Bank eller direkte i Fiskeridirektoratets kassakontor.

Abonnementsprisen på Fiskets Gang er kr. 100.00 pr. år. Denne pris gjelder også for Danmark, Finland, Island og Sverige. Øvrige utland kr. 125.00 pr. år. Fiskerifagstudenter kr. 60.00.

PRISTARIFF FOR ANNONSER:

Tekstsider:

1/1 kr. 1500	1/4 kr. 400
1/2 kr. 800	1/6 kr. 300
1/3 kr. 550	1/8 kr. 200

Andre annonsealternativer
etter avtale

VED ETTERTRYKK FRA
FISKETS GANG
MÅ BLADET OPPGIS SOM KILDE

ISSN 0015-3133

INNHold — CONTENTS

Konsesjonsvolumet må utnyttet bedre i framlida Past and present in Norwegian fish-breeding	495
Fiskeoppdretternes Salgslag øker omsetningen The Fishbreeders sales-organization increases their business	498
Ål i Ålvik Eel-breeding in Ålvik	499
Rettleiingstenesta og oppdreitsnæringa The Fishermen's advisory-service and the fish-breeding industry	502
Lakseoppdrett på 70° nord Salmon breeding in Northern Norway	503
Eksportmarkedet for laks Exporting salmon: The market-conditions	506
Skjelldyrking Shell-breeding	507
Settefiskoppdrett Production of fingerlings	511
Fisk i den milltære forlegning Fish in military canteens	513
Kvalitet av fisk lagret i kjølt sjøvann og i is The quality of fish stored in RSW-tanks contra ice	517
Nytt fra fiskeflåten The fishing vessel market	519
Oversikt over fisket Norwegian fisheries this week	529
Statistikker Statistics	531

Redaksjonen avslutta: 18.8.1981

Forsidefoto: Per Dag Iversen

Arne Skoge om norsk fiskeoppdrett:

Konsesjonsvolumet må utnyttast betre i framtida

Kontoret for Fiskeforsøk og Båter, eller Båtkontoret som det vert kalla til kvardags, står sentralt i den norske oppdrettsnæringa. Kontoret har heilt sidan den spede byrjinga vore med på å arbeida ut retningslinjer for næringa, og styringa av den nye ordninga vil og skje gjennom Båtkontoret.

Vi har snakka med kontoret sin saksbehandlar for fiskeoppdrett, Arne Skoge, om korleis han ser på utsiktene for næringa i dag og i tida som kjem. Skoge har vore tilsett ved Båtkontoret sidan 1974, og har såleis vore med på oppdrettssirkuset heilt frå starten av.

– På den tida var norsk fiskeoppdrett som næring så vidt kome i gang, seier Arne Skoge til Fiskets Gang.

– Den første oppdrettslova kom året før, i juni 1973. Båtkontoret sto saman med Avdeling for akvakultur sentralt i Fiskeridirektoratet sitt arbeid med å registrera igångverande anlegg. I alt var det registrert 287 matfiskanlegg, med eit volum på omlag 975.000 kubikkmeter.

I dag er det totale volumet auka til tett oppunder to millionar kubikkmeter. Volumet er med andre ord dobla på åtte år. Produksjonen er auka frå 2350 tonn i 1974 til 7500 tonn i 1980. Førstehandsverdien har samstundes auka frå omlag 30 millionar til 242 millionar.

Som vi ser av figuren har vi no over 700 anlegg i drift, av desse er 470 setjefiskanlegg.

Fram til 1977 hadde vi moderat vekst, og moderat etterspurnad etter konsesjonar. Alle som søkte om konsesjon før oktober 1977, fekk innvilga søknadane sine.

På denne tida vaks ryktet om den nye «gullkanta» næringa fram, og interessa for fiskeoppdrett auka eksplisivt. Til slutt fann styresmaktene det naudsynt å innføra konsesjonsstopp. Som kjent varte den heilt fram til i sommar, og i denne tida hadde det hopen seg opp over 800 søknader om

konsesjon for matfisk. Når dette vert lese, vil omlag 50 av desse søknadane vera innvilga.

Fleire konsesjonar?

– Kor mange kan rekna med å få konsesjon ut over dette i år?

– Førebels er ikkje søknadane frå Skagerrakkysten ferdig behandla. Her kjem det kanskje nokre få nye. Utanom dette vil det truleg ikkje verta gitt fleire konsesjonar i denne omgang, og det er ikkje teke standpunkt til kva tid neste konsesjonsrunde kan finna stad.

– Er det tilrådeleg å gi fleire konsesjonar enn dei vi alt har utan å sprengja marknaden fullstendig?

– Slik situasjonen har vore og er i dag vil produksjonen av matfisk vera meir avhengig av tilgang på setjefisk enn av konsesjonsvolumet.

– Vil det seia at dei nye konsesjonsinnhavarane vil få vanskar med å skaffa seg nok setjefisk, at dei ikkje vil få høve til å nytta ut heile volumet sitt?

– Setjefiskproduksjonen er på veg oppover. Opplysningar tyder på at etterspurnaden langt på veg vert dekkja alt i år. Og det er grunn til å rekna med at vi til neste år vil få endå større maknadsdekning.

– Gjeld det og for anlegga i Nord-Noreg?

– Det er nok diverre fare for at anlegga i nord også i år vil koma dårlegare ut enn dei i sør. Dette skuldast først og fremst transportavstandane.


Nord-Noreg får «skrapet»

– Det vert hevda at anlegga i sør reiser avgarde med den beste setjefisken?

– Det syner seg at matfiskproduzentane i sør har lettare for å halda kontakten med setjefiskprodusentane, som for det meste finns i Sør-Noreg. Det har frå ulike kantar vorte hevda at Nord-Noreg får «skrapet» av setjefisken, og det er nærliggjande å tru at dette til ei viss grad er tilfelle. Men Fiskeridirektoratet har ikkje noko oversikt over dette.

– Vert det produsert nok setjefisk i dag?

– Med dei driftsformene som til no har vore nytta vil nok dei eksisterande setjefiskkonsesjonane kunne dekkja etterspurnaden frå matfiskanlegga.



– Både konsesjonsvolum og produksjon i oppdrettsnæringa er dobla dei siste åtte åra.

Men dersom Noreg skal utvikla oppdrettsnæringa mot dei måla styresmaktene har sett, er det naudsynt at oppdrettarane får skikkelig tilgang på setjefisk av god kvalitet. Vi må heller ikkje gløyma at det tek lang tid å utdanna fagfolk til setjefiskproduksjon





Fig. 1
Fylkesvis fordeling av konsesjonsvolum pr. 15. aug. 1981. Dei andre fylka (Skagerrak-kysten) har til saman omlag 100.000m³, men dette talet er ikkje direkte samanliknbart, og vi har difor ikkje teke desse fylka med i oversynet.



– Det er nærliggjande å tru at Nord-Noreg får «skrapet» av setjefisken.

Spørsmålet rører og ved prisen på setjefisk. Denne har, av di det har vore så lite av han, vore altfor høg. Prisen spelar ei viktig rolle for matfiskproducentane, og den bør koma ned på eit nivå som samsvarar med produksjonskostnadane.

Eg trur og vi må rekna med endringar i driftsformene i tida som kjem. Matfiskanlegga kan for det første tenkjast å gå over til større tettleik, altså fleire kilo produsert pr. kubikkmeter.

Det kan setjast ut fleire setjefisk pr. kubikkmeter. Det vil i så fall måtte skje ei uttynning av fisken for den har nådd den vekta som i dag er vanleg å produsera. Såleis burde det finnast marknad for fisk på rundt ein kilo. Med aktiv salsinnsats måtte det t.d. la seg gjera å overtyda publikum om at ein regnbogeare av denne storleiken, steikt i folie, er ein framifrå søndagsmiddag.

Konsesjonsvolumet vil såleis kunna utnyttast monaleg meir enn i dag. Dette vil nok føra til at våre førestillingar om behovet for setjefisk vil verta radikalt endra.


Med den politikk som fiskeristyresmaktene har gjennomført når det gjeld setjefisk, vil tilgangen om nokre år truleg verta så god at ein kan koma skikkeleg i gang med kulturbetinga fiskeri, med havet som beiteområde. Stortinget såg denne sida ved akvakultur så viktig at Fiskeridepartementet vart oppmoda om å leggja fram ei ny stortingsmelding med hovudvekt på dette området.

Sinte telefonar

– Korleis var det å vera saksbehandlar i fiskeoppdrett under konsesjonsstoppen?

– Sjølv sagt kom det mange sinte telefonar. Eg skjønar godt at søkjarane var utolmodige, men det var lite vi i direktoratet kunne gjera. Men det var ikkje fritt for at vi hadde pågang frå folk som ville vita korleis søknadane deira sto.

Som saksbehandlar ville eg sjølv sagt føretrekt at det arbeidet som starta med Lysø-utvalet og som vart avslutta med den nye lova hadde teke stuttare tid. Men dette ser eg som ein del av jobben, og reaksjonane måtte vi berre ta med godt humør.



– Under konsesjonsstoppen kom det mange sinte telefonar. Eg skjønar godt at søkjarane var utolmodige, men det var lite vi i direktoratet kunne gjera.

– Kva med dei som no vil klaga på avslag på søknadane sine. Når kan dei rekna med å få svar?

– Saksgangen er at klagene går til Fiskeridepartementet, som førebur dei for Kongen i Statsråd. Kor lang tid dette vil ta har vi liten innverknad på i direktoratet. Saksbehandlinga på slike klager har vanlegvis teke rundt eitt år, og det er vel urealistisk å tru at det kjem til å gå noko fortare no.

– Korleis ser du på framtida for norsk fiskeoppdrett?

– Eg trur den nye lova kjem til å innleia ein ny fase i næringa, ikkje minst ved at ho og tek med skaldyr, og at ho saman med stortingsmeldinga og stortingsdebatten har avklåra mange spørsmål i fiskeridministrasjonen sitt arbeid.


Pesonleg tykkjer eg det er fasinerte og inspirerte å sjå den entusiasme som gjer seg gjeldande hos utøvarane og hos dei mange organ som er med i utviklinga av akvakulturnæringa. Spesielt vil eg nemna den innsatsen Fiskeoppdretternes Salgslag A.L. har gjort i den stutte lida laget har verka. Ei positiv utvikling for norsk fiskeoppdrett vil i åra som kjem vera avhengig av at det kan finnast avsetnad for den auka produksjonen. Her står Salslaget sentralt.

Mitt inntrykk er for øvrig at vi ligg godt an i arbeidet med å produsera kvalitetsfisk. Deriot har vi mykje å læra når det gjeld marknadsføring, og eg vil tru at det må tenkjast større i den samanheng dersom vi skal få utnytta dei naturgitte tilhøva som kysten vår har for akvakultur.

For Båtkontoret sin del ser eg fram til at vi betre skal verta i stand til å ivareta utøvarane og organisasjonane i næringa sine interesser gjennom til dømes raskare saksbehandling. Hittil har denne slett ikkje vore tilfredsstillande.

– Har Båtkontoret mannskap til å følgja opp dette ønsket?

– Det ser faktisk lyst ut for framtida. Vi får ein ekstra saksbehandlar innan akvakultur i haust, og den nye fagkonsulentstillinga er gjort gjeldande frå årsskiftet. Dessutan har vi ein kontorassistent i halv stilling. Så eg meiner Båtkontoret heretter skal verta godt rusta til å ta fatt på dei nye oppgåvene, seier ein optimistisk Arne Skoge til Fiskets Gang.



– Som saksbehandlar ville eg føretrekt at det arbeidet som starta med Lysø-utvalet og som vart avslutta med den nye lova hadde teke stuttare tid. Men dette er ein del av jobben, og reaksjonane måtte vi berre ta med godt humør.

Norsk oppdrettsfisk populær:

Fiskeoppdretternes Salgslag øker omsetningen

Fiskeoppdretternes Salgslag har hittil i år omsatt ca. 5 000 tonn laks og 750 tonn ørret. Ved utgangen av juli i fjor var tilsvarende tall 2 400 og 400 tonn. Omsetningen er altså fordoblet i år.

Vi har bedt administrerende direktør i Fiskeoppdretternes Salgslag, Odd Steinsbø, om en kommentar til dette.

– Omsetningen har utviklet seg slik vi hadde planlagt den skulle gjøre, den ligger faktisk nå i overkant av det vi hadde våget å regne med. Vi har hatt full klaff, forteller Steinsbø.

– Men vi måtte bare selge mer fisk enn i fjor, for vi hadde mer fisk å selge. I motsetning til de fleste andre som analyserer markedet på forhånd og produserer ut fra dette, produserer vi først og selger etterpå.

– Har omsetningsøkningen gått på bekostning av prisene?
– I fjor lå prisene på et svært høgt nivå. De var faktisk for høge. Vi fikk flere reaksjoner fra kjøpere og forbrukere. Flere restauranter tok laks av menyen fordi den ble for dyr.

Så begynte prisene å synke og da stoppet omsetningen opp. Alle ventet at prisene skulle synke ytterligere. Vi satset da på å finne en fast pris, som var markedsmessig riktig, og holde fast på denne. Denne politikken fikk vi både kjøpere og leverandører med på, i hvert fall de fleste av dem.

I dag har vi igjen den gunstige situasjonen at det er balanse mellom tilbud og etterspørsel, vi kunne kanskje solgt litt mer enn det vi har, og prisene er akseptable.

Men vi har også hatt en porsjon flaks: Utviklingen for amerikanske og

kanadiske dollar har gitt positive utslag for oss.

– Har dere merket noen respons på de nye markedsføringsiltaka?

– Ja, og særlig på det innenlandske markedet. Informasjonstreffene våre har nok vært nyttige. Tilsammen tusen mennesker har vært til stede på de ulike treffene, og vi har merket en tydelig økning i interessen for laks og ørret. Vi får langt flere henvendelser nå enn noen gang tidligere.

Når det gjelder utlandet tror jeg annonsen i SAS-bladet, Scanorama, har vært viktig.

Vi har blant annet hatt påfallende mange henvendelser fra USA, og er inne på tanken om å prøve oss på ferskfiskmarkedet i USA.

– Har du noen kommentarer til den nye oppdrettsloven?

– Sjøl om det har gått bra med omsetningen til nå, tror jeg det burde vært vist større forsiktighet ved utdelingen

av nye konsesjoner. Anlegg på 3 000 kubikk er dessuten for små. Jeg er redd for at de med et normalt prisnivå vil få vansker med å drive lønnsomt, og dette harmonerer ikke med målsetninga som den nye loven legger opp til.

I loven står det jo at næringa skal være sjølbærende.

Dessuten tror jeg det er farlig å spre næringa for mye. Miljø er viktig og nødvendig, spesielt i ei næring som er under oppbygging.

Så hvis det skal utdeles flere konsesjoner bør heller anlegg som alt er i gang få øket sitt konsesjonsvolum, sier Odd Steinsbø til Fiskets Gang.

Fiskeoppdretternes Salgslag har økt omsetningen med 100% i forhold til i fjor, konstanterer en fornøyd Odd Steinsbø i det han, sammen med soussjef Odd Berg, ønsker velkommen til oppdrettsmesse i Trondheim.



FISKEOPPDRETT – NYTT FISKESLAG PÅ VEG INN

ÅL I ÅLVIK

Åleoppdrett er inga tradisjonsrik næring her til lands. I utlandet derimot har det vore drive i større og mindre skala i meir enn hundre år. Interesse for dette fiskeslaget ser imidlertid ut til å vera på veg oppover også her heime, mellom anna har vi fått eit anlegg som driv med intensiv oppdrett av ål i ferskvatn i Ålvik i Hardanger. Bak prosjektet står BP som også har eit halv-intensivt anlegg i Portugal og som har vore involvert i eit par anlegg i Skottland.

Anlegget i Ålvik starta i mai 1980. Slik det står i dag har det kapasitet til å produsere 10 tonn ål i året, men planen er å utvide til ein kapasitet på 300 tonn dersom det syner seg at det er lønsamt. Avgjerd om utbygging kjem til å bli teken ein gong i haust når ein har fått rekna på kva storleik dei einskilde komponentane i anlegget bør ha for å få mest mogleg att av produksjonen.

Det er enno ikkje utvikla pellets som ålen vil ha. Difor vert det nytta våtfor som ålen et på denne måten. Føret er laga i Holland – med basis i norskprodusert fiskemjøl.


Nye arbeidsplassar

Fire personar er i dag tilknytta anlegget, men dersom det vert utbygging vil det verte arbeid til mellom åtte og ti her. Ein av grunnane til at nett Ålvik vart vald som lokalitet for eit slikt anlegg, er at ein her har godt med arbeidskraft å ta av.

– Vi kan skape nye arbeidsplassar i tillegg til at vi kan gjenvinne energi frå Bjølvefossen sin produksjon, seier styraren ved åleoppdrettet, Rolf Selset.

I produksjonen vert det nytta vatn frå Bjølvefossen. Vatnet som vert pumpa opp til åleoppdrettet har vore brukt til å kjøle ned ferrosiliciumomnar med. I følgje Selset er vatnet heilt reint, og inneheld ikkje uvanleg store konsentratar av metallar. – Det reine vatnet er truleg óg ein av grunnane til at vi har vore sparde for sjukdom på anlegget, seier Selset. Han fortel at sjukdom elles er svært vanleg i åleanlegg.

Yngel til produksjonen Ålvik må i dag importerast frå England, som oftast med fly. Yngelen er omlag 0,3 gram når den kjem til anlegget, og fisken med best vekst er ferdig til sal i løpet av sju til åtte månader. I sommar har ein imidlertid forsøkt å registrere yngeloppgang i norske elvar. Det vil truleg vere ei stor føremon om ein kan ta yngelen frå elvane innanlands.



Stor tettleik

Ålen er den fisken som kan oppdrettast med størst tettleik, opp til 100 kg. ål pr. kubikkmeter. Kara som ålen går i i Ålvik tek 25 m³ og kan ta opp til 2,5 tonn ål. Til no har ein berre produsert 1,5 tonn i kvart kar.

I kara held vatnet 25°C. Vatnet frå produksjonen ved Bjølvefossen held omlag 45° når det kjem til anlegget. Her vert det blanda med vatn frå resirkulasjonsanlegget som nyleg er installert, og vidare pumpa gjennom ein tank der vatnet vert tilsett oksygen. Dette vert gjort for at oksygen ikkje skal vera den avgensande faktor i produksjonen. Seinare vert det tilført oksygen direkte i kara, både medan fisken er liten og etter at den har vakse til og vorten overført til større omgivnader.

Vatnet her inne er egentlig for surt til å dretta opp fisk i, ph-verdet ligg rundt fem. Difor har ein installert eit apparat som automatisk justerer surhetsgraden ved å tilsetje lut i vatnet.

90% omatbruk

Resirkulasjonssystemet ved anlegget i Ålvik skal gjere det mogleg å bruke 90% av vatnet som går ut av produksjonen på ny. Vatnet vert køyrt frå kara

gjennom ein segmenteringstank som fjernar partiklar i vatnet. Deretter vert det køyrt gjennom eit biofilter som fjernar oppløyste organiske stoff og omgjør amoniakk til nitrat som ikkje er farleg for fisken.

Nett resirkulasjonen er svært retningsgjevande for kor mykje ål som kan produsert ved anlegget. Eit anlegg utan resirkulasjonssystem og med same kvanta vatn tilgjengeleg som anlegget i Ålvik, vil truleg få produksjonen avgrensa til omlag 30 tonn. Med eit slikt resirkulasjonsanlegg installert vil ein kunne oppnå ein produksjon på opp til 3000 tonn i året.

To kartypar


Det finst to typar kar på anlegget. Først ei rekkje små kar der fisken vert sett ut når han kjem til anlegget som 0,3 grams yngel frå England. Utsetjinga skjer i perioden mars til mai, og fisken går her til den har nådd ei vekt på omlag 4 gram. Då vi var på vitjing i august, var dei allereie i ferd med å flytta fisken over i større kar.

Dei store kara rommar omlag 2,5 tonn ål i storleiken 120 til 150 gram. Dette er den storleiken kjøparane på den hollandske marknaden føretrekkjer. Vert den større, er det mest truleg at den vert eksportert vidare til Tyskland.

Rolf Selset er styrar ved åleoppdrettet i Ålvik. Han har tidlegare vore tilknytt Universitetet i Oslo og har der drive med forsøk på fisk.



Ålen vil ha føret i fast form, og her vert «brødet» knadd. Føret vert tilsett vatn før knainga tek til.



«Brød» av fóret

Ålen vert fóra på ein heilt annan måte enn annan oppdrettsfisk. Det er enno ikkje utvikla pellets som ålen vil ha, og ein må difor nytte våtfór. Fórmjølet, som er laga på basis av norskprodusert fiskemjøl i Holland, vert blanda med vatn og knadd til eit «brød». «Brødet» vert lagt på ei rist som heng over vassflata, og ålen stikk hovudet opp og står og et. Det tok ikkje mange sekunda frå maten var lagt ut før den var på plass for å få parten sin. Og vi som trudde ålen var av den late typen.

Denne forma for fóring gjer nok litt til at det er stor skilnad i vekstraten hos fisken. I tillegg kjem og skilnad i genetisk bakgrunn og andre «personlege» eigenskapar hos fisken!

Stor ål skal fórast ein gong om dagen, medan den krev fór tre gongar om dagen medan den er liten. Dette gjer at det må vere folk på annlegget både laurdag og sundag, men ein slepp å ha folk heile døgnet. Dersom det skulle skje noko medan det ikkje er folk tilstades, er det installert eit alarmsystem som gir melding til den vakthavande.

Få problem

Det verste som kan skje er at det vert omnsstans like etter fóring. Omnsstans vil føre til at temperaturen på vatnet går nedover. I ein periode like etter fóring vil dette i verste fall kunne føre til noko som liknar buksprenging hos fisken. Det skuldast at den tek opp mat for ein temperatur på 25°. Ved ein slik temperatur vil enzymane i tarmen hjelpe til med forbrenninga av maten. Går temperaturen ned vil ikkje dette skje, og bakteriane vil føre til at det dannar seg gass i tarmsystemet til ålen. Gassen sprengjer tarmsystemet, og drep fisken. Til no har det imidlertid gått bra. Får dei melding om at omnane skal stansast før fóringa tek til, kan dei stoppe den og halde lågare gjennomsnittstemperatur utan å skade fisken.

Delikatessepris

Ål vert sett på som delikatesse i dei fleste landa på Kontinentet. Årleg vert det omsett 30.000 tonn ål i Europa. Berre 1 prosent av desse kjem frå oppdrett. I Japan derimot, som er det landet i verda som har drive lengst med oppdrett av ål (starta i 1870), kjem heile 50% av omsetnaden frå oppdrett.

Prisen har stige jamnt med omlag 12% i året dei siste 10 åra, men i år har den stagnert. Det skuldast først og fremst at det vart funne PCB i ein del ål frå ei særskilt elv i Holland. Ein reknar imidlertid med at prisen vil gå opp att når tilhøva vert normale att, og at ein då vil kunne oppnå omlag 36,- pr. kg. for ålen ved sal til grossist.


Godt resultat innan rekkevidde

Rolf Selset fortel til Fiskets Gang at dei er blitt svært godt mottekne i Ålvik, og det ser ut til at dette skal fungere bra. Bjølvfossen har no fyllt til utanfor sitt eige område slik at alt ligg til rette for ei eventuell utbygging dersom det skulle bli aktuelt. Tidlegare forsøk på å få til slike intensive anlegg i andre land har ofte stranda på tilgongen på billig energi, det vil i første rekkje seia varmt vatn.

Rolf Selset som er styrar ved anlegget i Ålvik er ikkje heilt grøn når det gjeld fisk og forskning på fisk. Før han kom hit var han tilknytta Universitetet i Oslo der han mellom anna dreiv med forskning på kjemisk kommunikasjon hos fisk.

Ålekjøttet er mørt og delikat. I tillegg er det lite bein i denne fisken, og den skulle difor vere velegna for folk som ikkje et fisk fordi det er for mykje bein i den. Reinsar ein ålen, er det ikkje meir enn 5-10% av vekten som går vekk med innmaten. Den er svært lett å reinsa og vert for det meste brukt røykt.

I denne tanken vert vatnet tilsett oksygen før det vert pumpa ut att i produksjonen. Skummet er partiklar som vert utskilde i prosessen.



Rettleiingstenesta og oppdrettsnæringa

Av Tore Thorsen, konsulent i akvakultur i Hordaland

Ettersom fiskeoppdrett reint administrativt er underlagt Fiskeridepartementet, fell det naturleg at departementet også er ansvarlig for å drive rettleiing overfor utovarane av næringa. Dette er gjort ved at 6 av fiskerisjefkontora har fått tilsett ein konsulent i akvakultur. Til denne tid er det såleis oppretta slike stillingar i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Trøndelagsfylka, og for dei tre nordlegaste fylka. Innan kort tid skal det også tilsetjast konsulent i Troms fylke.

Pr. idag er alle konsulentar i akvakultur tilsette på engasjementbasis, men det vert arbeidd for å få desse omgjort til faste stillingar, i alle høve ser det nå ut som om engasjementa kan forlengjast.

Når det gjeld arbeidsområdet for desse stillingane, er det naturleg at hovudoppgava vert lagt på fagleg rettleiing overfor utovarane av næringa. Her kan det også nemnast at dei konsulentane som i dag fungerer i stillingane, har sin bakgrunn frå universitetet/ høgskule med ferskvassmarin – eller fiskeribiologi i fagkretsen. Reint konkret vil eg punktvis nemna nokre arbeidsoppgåver som fell inn under arbeidsområdet til oppdrettskonsulentane.

1. Vurdering av nye lokalitetar for fiskeoppdrett, rettleia i utfylling av søk-

nadsskjema og i finansierings-spørsmål.

2. Føreta registrering og vurdering av eksisterande anlegg gjennom innsending av statistisk materiale.
3. Arrangera kurs og driva informasjonssarbeid overfor utovarane av næringa.
4. Fremja samarbeidsprosjekt mellom oppdrettarane og arbeida for ei best mogleg utnytting av konsesjonane.

Dersom ein går nærare inn på dei fire punkta, vil eg tru at det som er nemnt under 1) handsaming av konsesjon – og finansieringssøknader legg beslag på mesteparten av arbeidstida. Dette er i alle fall tilfelle i Hordaland, og kan forklarast ved at næringa er inne i etableringsfasen. Det står såleis at kø av folk som vil starta med oppdrett av laks og aure.

På litt lengre sikt må ein gå ut frå at interessa for denne næringa vil stabilisera seg slik at vi som arbeider i desse stillingane får betre høve til å ta oss av rettleiingsfunksjonen og ting av meir fagleg verdi. Som dome på det siste vil eg nemna eit samarbeidsprosjekt for utval av stamfisk, som nå vil starta opp på initiativ av Fiskeoppdrettslaget i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Når det gjeld sjolve rettleiingsfunksjonen, kan eg nemna at fiskerisjefkontora i dei ulike fylka arrangerer



kurs for oppdrettarane. I Hordaland har vi såleis gjennomført eit kurs for oppdrett av matfisk i 1981, men der er behov for liknande opplegg for setjefiskprodusentar, og kanskje spesielt dette med økonomisk planlegging og styring av oppdrettsanlegga.

Men oppdrettsnæringa omfattar meir enn berre produksjon av laks og aure.

Interessa for oppdrett av skjell ser ut til å vera aukande. Reint konkret merkar vi dette ved vårt kontor i form av det store antall søknader om registrering av lokalitetar for blåskjell/østers.

Ettersom den nye oppdrettslova nå er innført, vil oppdrett av skjell i prinsippet vera underlagt konsesjonsplikt og dette må resultera i at slike søknader vert underlagt ei grundigare handsaming enn kva som er tilfelle i dag. Rettleiingstenesta får her ein viktig funksjon spesielt med tanke på lokalisering av slike anlegg.

Laksemarkedet i Vest-Tyskland

Forrige uke ga antydning til en viss tilstrømming av laksemarkedet, men for neste uke synes prisene igjen å ha falt tilbake til sitt gamle nivå. Norsk oppdrettslaks ble i sist uke tilbudt til følgende priser cif:

2 – 3 kg	kr. 37,- – 38,-
3 – 4 »	» 38,- – 39,-
4 – 5 »	» 39,- – 42,-
5 – 6 »	» 42,- – 43,-

Omsetningen er for årstida relativt god, med det har ikke vært mangel på tilstrekkelige tilførsler, melder fiskeriat-taché Kjell Breivik fra Hamburg.

KUNNGJØRING

Frist for innsending av ferierapport

I medhold av forskrifter for «Ferieordningen for fiskere» er det satt frist for innsending av ferierapport for perioden 1. januar til 30. april 1981, til 31. august 1981.

Båteiere/hovedsmenn pålegges å sende inn gjenpart av C-skjema for nevnte periode innen utgangen av august.

Utsettelse med innsending av C-skjema som ferierapport gis bare unntaksvis.

Båteiere/hovedsmenn må påse at personnummer til de oppførte fiskere blir ført på C-skjemaet og at nøyaktig driftstid blir anført.

GARANTIKASSEN FOR FISKERE

Simo Havlaks ved Hammerfest

LAKSEOPPDRETT PÅ 70 GRADDER NORD

Tekst og foto: Vidar Meisingseth



– Joda, ingen problemer med å få fram fin og god laks også her på 70 grader nord, sier Harald Volden ved Simo Havlaks utenfor Hammerfest.

– Sist vinter var vanntemperaturen nede i minus 0,3 grader, men vi slapp også denne gangen unna uten at en eneste fisk døde. Det er lakseoppdretter Harald Volden ved verdens nordligste lakseoppdrett, Simo Havlaks utenfor Hammerfest, som på denne måten omtaler hovedproblemet for næringa så langt nord som Finnmark. Det barske klimaet har fått de

fleste til å slå fra seg tanken på oppdrett i vårt nordligste fylke. Men trønderne John Simonsen med Harald Volden som kompanjong (1979) har siden anlegget ble etablert i 1973 bevist at lakseoppdrett også lar seg gjennomføre på 70 grader nord. Og denne sommeren blir åtte nye konsesjoner fordelt i Finnmark.

– Men jeg vil ikke underslå at problemet vi har hatt ved anlegget vårt er årsaken til at vi har søkt om å få flytte til Bjugn i Trøndelag, sier Harald Volden. – Det er for usikre forhold i havet på stedet hvor vi er plassert. Vannet er kaldt og vi har hatt sykdomsproblemer på fisken – kaldtvannsvibriose. Men jeg ønsker ikke på noen måte å dolke de som nå starter opp med nye anlegg i ryggen. En rekke steder i fylket har slikt klima at oppdrett kan gå. Men vi lever helt på kanten så langt nord. En liten tabbe kan lett føre til at to års arbeid er utradert.

Simo Havlaks er et mellomstort anlegg med en årsproduksjon på omlag 40 tonn laks pr. år. En har tre årganger i havet og 14 mærer stående ute. En del av dem står imidlertid tomme fordi en nå avviker anlegget. Årsomsetninga er på omlag 1,6 millioner kroner. De viktigste avtakerne av laksen er «Dragøy» i Tromsø, «Fremstad» i Trondheim og «Torrissen» i Nordland.

– Liten vekst

– En regner med at veksten er bare halvparten her i forhold til oppdrettsanleggene på Vestlandet, sier Harald Volden. – Den lave temperaturen i vannet fører blant annet til at vi mister minst en måneds foring på vinteren. På grunn av dette forholdet mener jeg anleggene i Finnmark bør få konsesjon for 1/3 større volum enn sørpå.

De lave temperaturene i vannet fører til at oppdretterne i nord må være særdeles påpasselige med foringa vinterstid. – Vi har heldigvis sluppet unna laksedød på grunn av for lave temperaturer, sier Harald Volden. – Men hadde landvinden og kulda fortsatt bare tre dager til sist vinter da temperaturen kom ned i minus 0,3 grader, ville vi ikke hatt mer fisk igjen. En kombinasjon av noe flaks og målrettet foring førte til at vi berget fisken. For to år siden var temperaturen en gang nede i minus 0,4 grader, men en slapp også da unna massedød. Den teoretiske grensen regnes for å være 0,7 minusgrader.

Vibriose

Kaldtvannsvibriose har en derimot ikke unngått ved Simo Havlaks. Men som det første anlegget som har blitt medisinbehandlet ved så lave temperaturer, kan en vise til svært gode resultat. Det siste angrepet kom i fjor høst. Laksen



Simo Havlaks ved Akkarfjorden i Finnmark har vært i drift siden 1973 og er hittil det eneste lakseoppdrett nord for Skjervøy i Troms.

fikk tilsatt 100 mg oxytetracyclinorid for hver kilo fisk pr. dag i 6-7 dager. Deretter ble den sultet i 14 dager og nesten hele bestanden overlevde, forteller Harald Volden.

Lodda utgjør det viktigste innslaget i foret med en andel på 60 prosent. Resten er reker, fiskeavskjær, binde- og vitaminfor.

Etter Voldens mening er to års gammel smolt det eneste løsenet for Finn-

mark som har så harde klimatiske forhold. Til nå har oppdretterne nordpå fått tildels dårlig smolt på grunn av at de ligger sist på ruta til leverandørenes båt. Men i midten av august inngikk de framtidige oppdretterne i fylket en avtale med leverandøren i Bergen om direkte leveranser av smolt til Finnmark.

Ved Simo Havlaks inngikk en i 1979 et forsøks samarbeid med departemen-

tet om å benytte en annen type smolt. 4000 eksemplar ble satt ut, men oppdretterne fikk ikke utbetalt det de mente de hadde krav på underveis og måtte oppgi eksperimentet. – Vi måtte avvikle forsøket og tapte titusenvise av kroner og mye tid, sier Harald Volden som ikke er udelt begeistret over departementets håndtering av denne saka.

Tobeinte tyver


Men det har ikke bare vært sykdom og kulde som har truet laksen ved verdens nordligste anlegg. Høsten 1978 forsvant omlag tre tonn laks fra mærene er mørk, tåkefylt høstnatt. I fjor høst mistet eierne omlag 300 laks ved et lignende tyveri. Politiet har ennå ikke klart å skaffe bevis for hvem de ubudne gjestene er. – Det er helt klart at det var profesjonelt gjort, sier Harald Volden som har en mistanke om at Finland ble endestasjonen for laksen som forsvant.

Dersom pioneroppdretterne i Finnmark etter en langvarig behandling i departementet i løpet av sommeren får endelig ja til å flytte hjem til Trøndelag, vil dette skje i løpet av neste vår. Men nye krefter står klare til å fortsette. – Jeg synes sju konsesjoner er passende i første omgang, sier Harald Volden. Det er riktig å være forsiktig i starten. Så får en skaffe seg mer kunnskap og deretter utvide. Med de klimatiske forholdene vi lever under her, skal det lite til før hele bestanden



blir utslettet. Men det er samtidig helt sikkert at lakseoppdrettnæringa også har ei framtid i Finnmark. Det gjelder bare å finne de rette plassene, sier Harald Volden til slutt.

– Lakseoppdrett så langt nord som Finnmark er å bevege seg på kanten av det mulige, men det går, mener trønderen Harald Volden som her blir skyssset inn fra anlegget av sønnen Håkon.





Eksportmarkedet for laks

På grunn av langvarig økende priser fikk vi ved juletider 1980 nærmest et sammenbrudd i eksportmarkedene.

Det nye året startet med innføring av 4% toll i Fellesmarkedet. Vi visste at vi i første halvår 1981 burde selge 50% mer enn i tilsvarende periode av 1980. Etter harde og lange drøftelser med oppdretterne ble man enig om å sette ned førstehåndsprisene. Det så likevel lenge ut som om det ville være vanskelig å få markedstilpasningen, selv med nye minstepriser.

De nye minsteprisene førte til en økning i omsetningen, men økningen var ikke så stor som den burde vært for å ta unna økningen i produksjonen. Så sent som medio juni hadde en rekke oppdrettere ennå ikke fått avtale med kjøperne om opptak av laks som måtte være oppe av sjøen ved utgangen av juli p.g.a. faren for kjønnsmodenhet.

På dette tidspunkt begynte imidlertid de store røkeriene på kontinentet å få oversikt over fisket og produksjonen i andre land. Meldingene fra USA og Canada, som har dominert leveransene til røke-markedet i Europa, gikk ut på at fisket av de typer og størrelser av laks som går til røking, var moderat. Sammen med den sterke stigning i dollar-kursen innebar det at norsk oppdrettlaks begynte å bli konkurransedyktig.

I slutten av juni ble det inngått kontrakter for frysing, noe ga grunnlag for økning i opptakene, og i løpet av juli ble det balanse i markedet, d.v.s. at den fisk som måtte opp, fant avsetning.

Nå i august er vi inne i en vanskelig måned, sett fra eksportørenes side. Det er den viktigste feriemåned på kontinentet. Konsum-markedet tåler kun små kvanta laks. Man ønsker hovedsaklig fisk av relativt liten størrelse, og den må være absolutt blank. Den fisken vi mottar er for det meste stor fisk, som begynner å få gytefarge og derfor ikke egner seg for dette markedet. Endel oppdrettere har imidlertid begynt å levere av den nye generasjonen, og vi regner med at vi i løpet av kort tid vil få tilstrekkelige kvanta fisk til å dekke konsum-markedet.

Det er viktig at vi pleier konsum-markedet kontinuerlig og at vi ikke

presser prisen opp igjen, for det har vist seg at siste-leddet både i Norge og på kontinentet følger en pris-stigning relativt hurtig, mens det ofte tar lengre tid å få dem til å sette prisene ned igjen. Vi må tilstrebe den bredde i markedet som er nødvendig for å få selge større kvanta utover høsten.

Bortsett fra den positive utvikling for dollar, har utviklingen i valutakursene og vårt innenlandske kostnadsnivå vært svært negativt sett fra eksportørhold. All annen valuta har falt i forhold til norske kroner, og mest ødeleggende har fallet i pund-kursen vært. Inflasjonen i Norge har ført til at alle omkostninger stiger uten at man kan få dekning i økede priser.

Eksport av laks 1. halvår 1980/1. halvår 1981

	Fersk laks		Frossen laks		Fersk + Frossen	
	1. halvår 1980	1. halvår 1981	1. halvår 1980	1. halvår 1981	1. halvår 1980	1. halvår 1981
Storbritannia	51	177	12	72	63	249
Sverige	175	347	5	15	180	362
Belgia	95	108	2	1	97	109
Nederland	4	28	—	1	4	29
Danmark	347	482	6	40	353	522
V-Tyskland	506	447	15	46	521	493
Frankrike	382	773	90	75	472	848
Sveits	49	116	—	2	49	118
Finland	8	—	19	27	27	27
Andre	16	62	—	9	16	71
Total	1633	2540	149	288	1782	2828

Tallene er hentet fra Eksportutvalget for ferskfisk, og inkluderer villaks. Alle tall er avrundet til hele tonn.

SKJELLDYR KING

Av Tormod Venvik

Samlet uttak av fisk og andre organismer fra havet er nå ca. 70 millioner i året. Dette utgjør bare rundt 2 % av verdens matvareforsyning, og det er neppe realistisk å anta at denne andelen kan økes vesentlig med de fangsstrategier som benyttes i dag.


Nå vet vi at havet har en samlet produksjon av organisk materiale som er mer enn 10 000 ganger større enn det som i dag blir utnyttet. Det teoretiske potensiale for produksjon av næring i havet er også minst like stort som på

land. Dette avslører en skjevhet, og det synes å være en generell politisk målsetting at havet må utnyttes på en bedre måte i produksjon av mat. Det kan være mange årsaker til skjevheten, men det synes i alle tilfelle å være et sentralt element at fiske i tradisjonell forstand er en produksjonsform på steinaldernivå. Til tross for at teknologien i mange tilfeller er svært avansert, driver man kun og samler av havets overflod uten å gjøre noe for å auke utbyttet.

Det er med dette perspektivet mange hevder at det kun er gjennom ulike former for akvakultur en kan auke utnyttelsen av marine matressurser i vesentlig grad. Aktiviteten innenfor dette området er også utvidet svært mye de siste årene, og en må kunne anta at denne utviklingen vil fortsette. Sammenliknet med de forhold som gjelder i landbruket, har en likevel et par klare begrensninger på mulighetene for å utvikle akvakultur:

1. Med unntak av makroalger som tang og tare er vi i dag ikke i stand til å høste primærproduksjonen i havet i stor skala.

Blåskjellfarmer som denne dukker opp stadig flere steder. Metoden gjør at det kan dyrkes store kvanta på relativt små områder.



2. De fleste av våre tradisjonelle fiskearter ligger langt ute i næringskjeden og utnytter dermed energien i primærproduksjonen dårlig. Som et sterkt forenklet eksempel kan en si at det går med minst 500 kilo planteplankton for å produsere et kilo torsk.

Skjell

Skjell tilhører en gruppe organismer som blant annet kalles «filteretere». Som navnet antyder tar disse organismene til seg næring ved å filtrere planteplankton fra sjøvatnet, og skjell hører derfor til på det andre nivået i næringskjeden i havet. Skjell utnytter også energien i næringa svært godt, og en rekner med at skjell er blant de mest effektive produsenter av animalsk protein som finnes.

Det hevdes derfor med stort alvor at det nettopp er gjennom kultivering av skjell at en kan auke utnyttelsen av havets matressurser i vesentlig grad.

Selv om skjell er relativt ukjent i Norge, har utnyttelsen av ulike skjellressurser et betydelig omfang andre steder i verden. Samlet kvantum er nå ca. 3 mill. tonn pr. år, noe som utgjør knapt 5% av verden fiskefangst. De største produsenter er Japan, USA, Sør-Korea, Frankrike, Spania, Nederland og Canada. Kvantumet framskaffes ved fangst på naturlige bestander såvel som ved kultivering. I USA og Canada blir det aller meste tatt ved tradisjonell fangst, mens kultivering spiller en stadig større rolle i Asia og Europa.

Dyrking av skjell

Det er til vanlig ikke næringstilgangen som begrenser veksten i de naturlige skjellbestandene. Andre miljøfaktorer, såsom egnet vekstunderlag, strømforhold og rene plasshensyn er oftest av langt større betydning. Ujamn og usikker rekruttering begrenser også produksjonen i mange bestander. Dyrking av skjell går egentlig bare ut på at man «hjelper» naturen og legger forholdene til rette for de faktorer som måtte være begrensende for veksten. I hvor stor grad man griper inn for å hjelpe kan imidlertid variere nokså mye. Ofte består dyrkingen bare i at man gir skjellene et egnet underlag å vokse på, eller at man ved ulike former for yngelpleie hjelper skjellene over en kritisk perio-

de. I andre tilfeller driver man et intensivt oppdrett med kunstig klekking og oppvekst under godt kontrollerte og beskyttede forhold. Slik produksjon benyttes imidlertid foreløpig bare på de mest verdifulle skjellartene som f. eks. østers.

Skjell dyrking kan enten foregå på bunnen eller i ulike former for hengende kulturer. Den vanligste formen for **bunndyrking** er at man samler yngel på forskjellige måter og «sår» denne utover på egnede oppvekstområder.

Blåskjell dyrking i Nederland forgår for eksempel ved at man skraper yngel på grunne avsetningsområder og sprer denne utover de noe dypere oppvekstområdene.

I Japan dyrkes kamskjell blant annet ved at man samler yngel på samlere hengende i sjøen, og denne såes så på samme måte utover oppvekstområdene. Ved slik bunndyrking blir de ferdig utvokste skjella skrapet opp på samme måte som ved fangst på naturlige skjellbestander. Andre måter å dyrke skjell på bunnen på er ad kunstig vei å skape gunstige bunnforhold, blant annet blir mye østers dyrket på denne måten.


Den franske «Bouchot»-teknikken for blåskjell dyrking, der peler omsurret med hampetau plasseres utover lange sandstrender, går ut på noe av det samme.

Skjell dyrking i **flytende kulturer** foregår enten fra flåter eller fra bøyestrekke(long-line)-system. Bøyestrekke består av liner med flytelement

som er spent ut mellom forankringer på bunnen eller på land. Vekstmediene henger så ned fra disse strekkene. Fordelene med slik dyrking er at man får utnyttet havet «tredimensjonalt» i forhold til flatedyrking på bunnen, man unngår forurenset bunnslam og får dermed bedre vekst og bedre kvalitet på skjellene. Skjell dyrking i flytende kulturer får nå stadig større betydning. I Spania dyrkes store mengder blåskjell på tau som henger fra flåter. Japan har en omfattende produksjon av kamskjell i bøyestrekke, og østers blir også i stadig større grad dyrket i slike system. Måten skjell henges opp i slike system kan imidlertid variere mye fra art til art. En svært enkel metode er den svensk/norske måten å dyrke blåskjell på, der yngelen fester seg og vokser opp på de samme samlerne. I andre tilfeller må en tynne ut og plante om yngelen. Kamskjellartene, som kan bevege seg betydelig ved egen hjelp, må «arresteres» i kurver, lommer eller liknende slik at de ikke bare slipper heftetrådene og svømmer sin vei. Østers dyrking i flytende kultur foregår nå på flere måter, men svært ofte ved hjelp av ulike typer kurver.

Til tross for at flytende skjellkulturer ofte både er mer kapital- og arbeidskrevende enn bunndyrking, ser det ut so denne metoden på grunn av de

Blåskjell må produseres til en billig penge hvis de skal kunne konkurrere på verdensmarkedet.



fordeler den innebærer får stadig større utbredelse. Metoden gir svært gode muligheter for utnyttelse av primærproduksjonen, og det kan dyrkes store volum på relativt små områder. I prinsippet kan en ved hjelp av flytende skjellkulturer auke produksjonen av mat fra havet i vesentlig grad.

Skjell dyrking i Norge

Utnyttelse av skjellressurser til mat i Norge er som nevnt ubetydelig. Imidlertid har vi flere skjellarter som er til dels utmerket egnet til mat, blant annet kan nevnes blåskjell, o-skjell, østers, hjertemusling, kamskjell, haneskjell og flere andre. Av disse er i første rekke østers og blåskjell interessante i en dyrkingsammenheng, men på litt lengre sikt kan også kamskjellartene bli svært aktuelle.

Blåskjell

Det har i de seinere årene utviklet seg en betydelig interesse for å starte med dyrking av blåskjell langs kysten. Årsakene til dette skal ikke diskuteres her, men det er helt klart at de mest optimistiske forestillinger om muligheter for næringsutvikling og nye arbeidsplasser har vært svært urealistiske. Forsøksdyrking har nå pågått over en tiårsperiode, og i tillegg til auka kunnskap om produksjons- og markedsforhold begynner en nå å få sånn noenlunde kjennskap til hvilke betingelser en blåskjellnæring vil måtte arbeide under.

Blåskjell er et stort, men svært billig produkt på det internasjonale marked. Dette betyr at dersom en skal kunne utvikle blåskjell dyrking til næringsveg i Norge, må en kunne produsere store volum til lave kostnader. Mottaksapparatet vil måtte bygges opp i industriell skala, hvilket vil kreve store og kontinuerlige råstofftilførsler. Dette tilsier at dyrkingsanlegg og foredlingsindustri bør bygges opp i et integrert perspektiv og i en størrelse som muliggjør et mest mulig rasjonelt driftsopplegg. Dyrkingsanleggene kan utvilsomt variere i størrelse, men en produksjon vesentlig mindre enn 100 tonn pr. anlegg synes lite aktuelt. Foredlingsanleggene bør trolig ha en produksjon på mellom 3 og 5 tusen tonn i året for å kunne utnytte rasjonelt produksjonsstyr.




De ulike dyrkningsmetodene som har vært forsøkt skal ikke vurderes nærmere her, men utviklingen ser tydelig ut til å gå i retning av mer eller mindre standardiserte bøyestrekker der skjellene vokser seg ferdig fra yngelstadiet til det er høstingsmodne. Denne prosessen tar to eller tre vekstsesonger alt avhengig av den aktuelle lokaliteten. Slik dyrking ser etter den oversikten vi har i dag ut til å medføre en **kapitalkostnad** på mellom 40 og 60 øre pr. kilo. Mulig råstoffpris til dyrker er forløpig beregnet å kunne bli mellom kroner 1,- og kroner 1,50 pr. kilo rund vekt. Hvorvidt dette er tilstrekkelig

Østers er en delikatess, men vanskelig å dyrke.

interessant for aktuelle dyrkere vil selvfølgelig avhenge av de krav som stilles til godtgjøring av arbeidsinnsats og lønnsomhet. Selv om lønnsomheten i utgangspunktet vil være marginal, må en likevel kunne slå fast at tilfredsstillende resultat bør kunne være en realitet.

Idag foregår dyrking av kamskjellarter bare i Japan, men det er gjort innledende forsøk også i Europa og Amerika. Framtidsutsiktene er det imidlertid vanskelig å si noe om.



stisk mulighet, spesielt dersom en vurderer virksomheten over tid.

Det må også presiseres at de økonomiske beregninger som er gjort i denne sammenheng er basert på de priser som gjelder for store volum på det internasjonale markedet. Dersom en kan utvikle spesielle produkttyper eller utnytte nisjer i markedet (heimemarkedet), vil dette kunne gi bedre priser og lønnsomhet. Norske blåskjell holder en svært god kvalitet, hvilket vil kunne gi oss store fordeler på litt lengre sikt.

Østers

I motsetning til blåskjell, er østers et luksusprodukt blant skjellartene, og prisene er deretter. Østers er imidlertid også vanskelig å dyrke slik at kostnadene gjerne blir høye. Flaskehalsen synes foreløpig å være yngelproduksjon, og der er i dag stor mangel på østersyngel i hele Europa.

Østers i Norge dyrkes hovedsaklig i hengende kurver. Veksten synes å være spesielt god rundt oppdrettsanlegg for laks. I tillegg til den vanlige europeiske østersen (*Ostrea edulis*), pågår det i dag forsøk med dyrking av

den såkalte stillehavsøstersen (*Ostrea gigas*).

Dersom en lykkes i å skape en stabil og rimelig produksjon av yngel, synes det å være gode muligheter til å gjøre østersdyrking til en lønnsom næringsveg på egnete steder.

Kamskjellarter

Kommersiell kultivering av kamskjell foregår foreløpig bare i Japan, der spesielt arten *Patinopecten yessoensis* dyrkes i stor skala.

Forsøk med kamskjelldyrking er imidlertid startet opp både i Europa og Amerika.

Hvorvidt det er mulig å utvikle kamskjelldyrking også i Norge er imidlertid et svært usikkert spørsmål. Innledende forsøk er gjort, men det vil åpenbart være behov for langsiktig forsøksvirksomhet før en kan svare på om det kan gjennomføres eller ikke.

Framtidsutsikter

Historien om utvikling av kamskjellkultur i Japan kan være et godt eksempel på hvilket utviklingspotensiale som lig-

ger i skjelldyrking. De naturlige forekomster av arten *Patinopecten yessoensis* var lenge utnyttet ved tradisjonell fangst. Bestanden var imidlertid sterk overbeskattet, og kvantumet gikk stadig nedover til et lavmål på 10 000 tonn i 1968. På denne tida startet utviklingen av dyrkningsteknikker, hvilket resulterte i at produksjonskvantumet 10 år seinere var hele 170 000 tonn!

For Norge vil det i praksis ikke være begrensninger for hvor mye blåskjell som kan dyrkes. Vi kan om så er overta hele markedet og likevel har muligheter for å mangedoble produksjonen! Begrensningene vil i første rekke være av markeds- og lønnsomhetsmessig art, men disse er da også til stede i høyeste grad. Et produksjonsvolum utover 15–20 tusen tonn vil neppe være realistisk i overskuelig framtid.

Forøvrig synes det åpenbart at det vil ta tid å utvikle skjellnæringa her i landet. De som har planer om å starte opp, bør ikke vente seg de store fortjenester over kort tid. På lang sikt bør imidlertid også skjelldyrking kunne bli en interessant næringsveg. Vår lange og forrevne kyst gir i videste forstand gode forutsetninger for en slik virksomhet.

Fiskets Gang

UTGITT AV FISKERIDIREKTØREN
Postboks 185/186
5001 BERGEN
TELEFON (05) 23 03 00

Fiskets Gang er det eneste offisielle blad for norsk fiskerinæring, og blir utgitt hver 14. dag.

! Fiskets Gang vil en finne variert stoff om norske fiskerier, reportasjer og intervju, detaljert statistikk over ilandbrakte fiskekvanta og eksport av fiskeprodukter.

Fiskets Gang inneholder alle nye lover og bestemmelser i forbindelse med norske fiskerier, meldinger fra Fiskeridirektøren og andre meldinger av interesse i forbindelse med fisket.

Rapporter fra Fiskeridirektoratets havforskningsinstitutt om utviklingen av fiskebestandene og resultater fra forsøksfiske finnes også i Fiskets Gang.

I den faste spalten «Fiskerinytt fra utlandet» presenteres fiskerinyheter fra hele verden.

Abonnementsprisen på Fiskets Gang er kr. 100,— pr. år for de skandinaviske land og kr. 125,— for andre land, med tillegg for luftpost. Fiskerifagstudenter kr. 60,—.

TIL FISKETS GANG, Fiskeridirektoratet, Postboks 185/186, 5001 Bergen

Jeg ønsker å abonnere på FISKETS GANG:

Navn:

Adresse:

Fiskeoppdrett i Norge:

SETTEFISKOPPDRETT

Av Øyvind Bjerk

Perspektivene for fiskeoppdrett i Norge, det være seg settefisk (yngel)-produksjon eller matfisk produksjon henger så nøye sammen og er så avhengig av hverandre at det i grunnen blir å snakke om utbyggingstakten generelt for hele næringen. Jeg vil likevel prøve i hovedsak å legge vekten på settefiskproduksjonen.

